

Dokumentasjonskrav ved søknad om tilrettelegging ved Høgskulen i Volda

Følgelbrev som kan takast med til lege eller annan sakkunnig.

Studentar ved Høgskulen i Volda med funksjonsnedsetting eller andre særskilte behov har rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremidlar og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter (Universitets- og høyskoleloven § 4-3 c).

Målet med tilrettelegginga er å kompensere for dei ulemper studenten har som følge av sine utfordringar ved dei ulike fasane av studieløpet. Det er viktig at dei faglege krava til studenten ikkje vert senka, og tilrettelegging skal hjelpe til at studenten i størst mogleg grad vert prøvd likt som sine medstudentar.

Studenten må dokumentere sin søknad med attest frå lege eller annan sakkunnig.

Krav til innhald i dokumentasjon

- Det må gå tydeleg fram av dokumentasjonen kva konkret funksjonsnedsetting eller anna ulempe som ligg til grunn for søknad om tilrettelegging.
- Det må gå tydeleg fram kva utfordringar funksjonsnedsettinga eller ulempa skapar og kva tiltak som kan kompensere for dette.
- Det må gå fram av dokumentasjonen om behovet for tilrettelegging er permanent eller mellombels.
- Høgskulen i Volda ønsker primært at den sakkunnige nyttar skjemaet vedlagt til dette dokumentet. Dersom andre skjema vert nytta må det innehalde tilsvarande informasjon som det vedlagte.

Attest frå sakkunnig

Namn på student:	
Fødselsnummer:	

Kort omtale av funksjonsnedsettinga eller anna ulempe:

Kort omtale av aktuelle tiltak for å kompensere for funksjonsnedsettinga / ulempa i eksamenssituasjon:

Er funksjonsnedsettinga eller ulempa mellombels eller permanent?

Underskrift og stempel

Dato: